

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

## Referat 28. mai 2019

Skype

Kl. 14.00-15.00

**I møtet:** Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Terje Colbjørnsen og Terje Skjerdal (ref).

**Forfall:** Balder Holm, Magnus Hoem Iversen, Roswitha Skare (vara) og Christer Bakke Andresen (vara).

### 1. Innkalling

Godkjend.

### 2. Referat frå styremøte 9. april 2019

Godkjent.

### 3. Rekneskap 2018

Rekneskapan ser grei ut; underskot på ca. 4000 kr (resten av underskotet skuldast at støtta til medieforskarkonferansen frå Forskingsrådet ikkje vart fakturert før i 2019). Magnus (kasserar) gjer nokre siste korrigeringar og førebur rekneskapan for generalforsamlinga.

Kommentarar frå kasserar:

*Lagets økonomi er fortsatt god. Vi hadde et ubetydelig underskudd i 2018. Tilsynelatende er underskuddet mer oppsiktsvekkende på papiret, men dette skyldes NFR-støtte til konferansen som ble utbetalt etter konferansen var ferdig, og som hadde fakturadato i 2019. Dette fanges altså ikke opp i tallene for 2018, men er kommentert med merknad i resultatregnskap.*

*Det er verdt å merke seg at støtten til norsk medietidsskrift falt fra 150.000 til 100.000 i 2018. Vi bør ha som ambisjon å klare 150.000 i 2019, for å treffe på budsjettet som er skissert.*

*Ellers har utgiftene (utenom konferansen) vært moderate. Utgiftene til konferansen bør sammenlignes med tidligere år (2016, 2014), men med tanke på balansen inntekt/utgift her, virker det som om den hadde et realistisk budsjett. Se for øvrig eget regnskap for konferansen v/ arrangementsansvarlig Lisbeth Morlandstø vedlagt i sakspapirene.*

*Medlemstallet for 2018 var 73 ordinære medlemmer og 6 studentmedlemmer. Dette er noe opp fra i fjor, men ikke på det nivået vi har ambisjoner om å ligge på. Videre tiltak for å rekruttere og ikke minst holde på medlemmer anbefales.*

*Vi har i år som i fjor fortsatt en betydelig kapitalreserve, og som tidligere år har vi fått renteinntekter av dette som styrker driften. Dette året har ikke fondet sunket i verdi, og det er følgelig ikke noe tap knyttet til fondet.*

#### **4. Generalforsamling (Malmø august 2019)**

- Storleiken på medlemskontingenten er fast GF-sak (vedtektene §5). Er det aktuelt å ta utsending av Nordicom Review vekk frå medlemsfordelane? Kan i så fall vera med på å redusera kontingenten.
- Val på nye styremedlemer: Lisbeth og Marika står på val. Valkomiteen er i gang med å spørja kandidatar.
- Eiri skriv årsrapport og ordnar innkalling. Innkallinga skal gå til medlemene seinast tre veker på førehand (vedtektene §5). Saker skal meldast styret seinast to veker før GF.
- Eiri tingar rom (via arrangøren).
- Tidspunkt for GF er truleg 22. august kl. 12-13.

#### **5. NordMedia, Malmø 21.-23. august 2019**

- Mange fleire abstract enn forventa.
- Frist for innsending av ferdig paper: 30. juni.
- Tidlegpåmeldingsfrist: 31. mai – send ut påminning til NML-medlemer.
- Forkonferanse: Treng namn til respondentar. Henrik Örnebring har ansvar for opplegget. Styremedlemene sjekkar kven frå sine institusjonar som skal av garde, og sender tips på namn til Lisbeth.

#### **5. Dato for norsk medieforskarkonferanse 2020**

22.-23. oktober 2020, i Oslo

Neste møte:

- 19. juni 2019 kl. 14-15
- 10. september 2019 kl. 14-15

Terje Skjerdal (ref)